

Olsoksstemnet – skyttarstemne med lange tradisjonar

Det er snart klart for Olsokstemnet i Markane. Etter at skytinga vart avbroten i fjor grunna 22. juli-hendingane, prøver Markane skyttarlag, med god hjelp frå Hornindal skyttarlag seg på nytt i år. Olsokstemnet har vore det mest attraktive stemnet i Nordfjord med ein deltakarrekord på heile 477 frå 1988, og vi håper framleis skyttarane vil finne vegen til idylliske Sindre skytebane.

Grodåspokalen

Det var i 1929 at norskamerikanaren Andrew B. Grodås (1870-1940) gav kr. 602,- til premiar tenkt brukt under eit skytestemne på Sindre, Markane skyttarlag si bane. Denne bana vart opna i 1910 og hadde skyteavstandar frå 200 – 800 m.

Skytinga vart lagt til Olsok, og var open for skyttarar frå heile Nordfjord skyttarsamlag. Den gjevaste premien, GRODÅSPOKALEN, skulle gå til beste firemannslag i lagskytinga.

Avstanden det skulle skytast på var 400 m., og pokalen måtte vinnast tre (3) gongar før den var gjeven til odell og eige.

Fast stemneleiar på den tid var legendariske O. P. Lødøen, svoger til Grodås.



A. B. Grodås

Olsokskytinga – spesiell 15-skotsserie

Det var Lødøen, med militær bakgrunn som var opphavet til den spesiell 15-skotsserien (5 skot kne, 5 skot liggande og 5 skot ståande i ein serie på 4 minutt). Serien er i staden for tradisjonell omgong, og var opplagd slik at den hadde taktisk forsvarsmessig verdi. Soldaten (skyttaren) skulle i knestående sjå fienden kome, deretter la han seg ned for å søke betre dekning, og når så fienden var driven på flukt, måtte ein reise seg opp for å sjå han att. Det er denne serien vi i dag kallar OLSOKSKYTINGA.

Grodåspokalen gjekk for øvrig ut i 1936. Då hadde Indre Gloppen skyttarlag vunne pokalen tre gongar.



Premieutdeling etter fyrste skyting om grodåspokalen i tunet på Sindre. Frå venstre Ivar Kroken, Olav Flore, Ole Åsebøstøl, Peder Øen, O.P. Lødøen, Lars B. Dybevold og Hallvard Sindre

Gjeldande pokalar

Seinare har det vore sette opp fleire pokalar, og pr. i dag er det Sparebankpokalen (individuellt) og Olsokpokalen som gjeld. Sparebankpokalen skal delast ut i år til den skyttaren som har mest poeng 2007-2012, medan Olsokpokalen står eitt år til. Men kvart år får dei tre beste laga Halvard Sindre's minnemedalje (gylt, sølv og bronse). Dette er ein spesielt god grunn til å melde seg på lagskytinga, noko ein kan gjere ved frammøte på bana.

Sindrepokalen

Halvard Sindre – Markane skyttarlag sin første æresmedlem, og tidlegare grunneigar, har mykje av æra for at lagskytinga på Olsokstemne vart teken opp att. Etter at bana var nyopna i 1971, ville Sindre blåse liv i lagskytinga, og han gav ein pokal – SINDREPOKALEN – som gjekk fram til 1979 då Gulen skyttarlag fekk sitt tredje napp, og kunne ta med pokalen heim.



Hallvard Sindre.

Olavsfiguren

Kåre Grodås, ivrig og særst dyktig skyttarlagsmann i Hornindal, sette i si tid opp ein utskoren Olavsfigur til vinnaren av Olsokskytinga. Denne tradisjon har vorte halden i hevd også etter Grodås sin bortgang, og går i dag under nemninga ”Einar Øen’s minnepremie”.

Dreia trefat

Eit anna fint minne for dei som er blant beste tredjedel i sin klasse, er dei dreia trefata med innsvidd motiv frå baneområdet. Odd Øen, æresmedlem i Markane skyttarlag, var fast leverandør av desse premiane til han var 90 år! Dottera Britt har stått for dekoreringa. Det gjer ho framleis medan andre dyktige handverkarar har tatt over dreinga.

Sindre skytebane

Sindre skytebane er ein del av garden Sindre der Gunnhild Sindre/Egil Syversbråten i dag er eigarar. Dei har same positive innstilling til Markane skyttarlag og skyttarsaka som Gunnhild sine forfedre.

Bana ligg godt skjerma for vind, og kan vise til sær gode banerekordar. Høgast ragar vel Ola Tore Dokken sine 350 p. (20*) under Norgescupstemne i 2003.

Men Ole Arild Aa, Hyen, sitt vinnarresultat frå Olsokstemne i 2008 på 397 p. er det også klasse over.

Den einaste som har greidd å prikke inn 15 tiarar, er Karl Tore Gjengestø, Ålesund, i 2004. Ein uhyre sterk prestasjon!



Karl Tore Gjengestø.

Banerekordar

Her føl ein oversikt over gjeldande banerekordar:

100 m

Kl. R	Eirik Foldal	350 p. (29*)	2003
Kl. ER	Elisabeth Skudalsnes	350 p. (35*)	2005
Kl. J	Eirik Foldal	350 p. (32*)	2007
Kl. V65	Peder Holme	350 p. (28*)	2005
Kl. V73	Harald Stormyr	350 p. (24*)	2010

200 m (Olsokprogrammet)

Kl. 3-5	Ole Arild Aa	397 p.	2008
Kl. 1	Sigurd Muldsvor	396 p.	2007
Kl. 2	Steinar Muri	388 p.	2010
Kl. V55	Peder Holme	394 p.	2003
	Nils Inge Holmeset	394 p.	2004

Då gjenstår det berre for oss å ynskje alle skyttarar velkomne til Olsokstemne 2012!

Vi minner også om Sunnylvn skyttarlag sitt stemne same helg.

Finpuss formen til Landsskyttarstemne i Hyttehola og på Sindre!

Per Øen

Stemneleiar Markane